

Maria Larssen, lærar på Uskedal skule, går for mastergrad.

19.06.2018



Maria Larssen, faglærar på Uskedal skule, legg i morgen fram sitt masterarbeid på Stord.

**Maria Larssen, lærar på Uskedal skule i praktisk estetiske fag, presenterer masterarbeidet sitt i morgen, 21. juni, på Høgskulen på Rommetveit. Masteroppgåva hennar har tittelen: Langt fra perfekt - et undervisningsdesign i utvidet tegning. Maria Larssen er tilsett i 80 % stilling i Uskedalen og har studert parallelt ved å jobba i skulen. Ho har brukt fire år på studiet fram mot ein mastergrad.**

Det er ikkje vanleg at Uskedalen.no skriv innlegg knytta til peronalia, men så er det heller ikkje vanleg at ein lærar i jobb er klar for å leggja fram eit masterarbeid. Problemstillinga er: Korleis utforma eit undervisningsopplegg som fremjar samhandling, meistring og kommunikasjon gjennom kreative og estetiske læringsprosessar.

Maria Larssen har tidlegare vore dramapedagog ved Kvinnherad kulturskule. Alt feltarbeider gjort med elevar i bilet-og kunstfag, der Karin Bøe er lærar. Materialet for oppgåva er såleis henta frå deltakande intervju, fokusgruppe intervju, logg og feltarbeid. Studie syner korleis den som set prosessen i gang innafor utvida teikning, er viktig. Det same gjeld verdien av open haldning til prosessen i alle ledd i utprøvingane. Faget må ha rom for spontan aktivitet, open dialog gjennom samhandlig og interaktiv kommunikasjon.

I samtal med Uskedalen.no fortel Maria Larssen at ho ser fram til å avslutta studiet med denne framlegginga. Det vert gjort på teiknesalen på høgskulen torsdag 21. juni kl 15.10. Presentasjonen er open for alle som vil høyra på. Sjølv om framlegginga er på Rommetveit, er studiet ein del av tilbodet knyttta til Høgskulen på Vestlandet.

Maria Larssen rosar kollegaene på Uskedal skule for all støtte, motivasjon og hjelp i studietida og no i innspurten. Eit støttande arbeidsmiljø er viktig og avgjerande for å koma i mål.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Mona Grønningen - med løyve frå Maria Larssen